

Notat

Dato: 15.04.2015
Arkivsak: 2015/3794-2
Saksbehandlar: oydzien

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål vedk. yrkesfag - Orientering om status på søknader til yrkesfag i den vidaregåande opplæring.

Fylkesrådmannen viser til møtebok frå fylkesutvalet sitt møte 26.mars 2015 der det er teke inn følgjande:

«**Silje Hjemdal** bad om følgjande:

Representanten ønsker at fylkesutvalget får en orientering om status på søknader til yrkesfag i den vidaregåande opplæring. Det har vært viktig å satse på yrkesfagene og markedsføringen av HFK vgs, med spesielt vekt på å rekruttere til yrkesfag. Dette kommer bl.a. til uttrykk i budsjettet for 2015. Det er viktig at vi i fremtiden kan dekke behovet for fagarbeidere. Derfor er det nødvendig å få tilbakemelding på hvilke strategier som er vellykket for å øke rekruttering.»

Dei siste fem åra har talet på avgangselevar variert frå ca. 6.200 til ca. 6.600 i Hordaland. I same periode har søkjartala til yrkesfag samanlikna med studiespesialiserande program vore stabile, men med ein liten auke dei tre siste åra til studiespesialiserande. Prosentvis er denne auken marginal fordi det totale talet på avgangselevar er så pass høgt. Innanfor dei ulike yrkesfaglege utdanningsprogramma har det vore mindre forskyvingar i søkjarmønsteret. Det mest klåre den siste fem-årsperioden er at talet på søkjarar til Vg1 Teknisk og industriell produksjon i 2015 har gått ned med ca. 20%, dvs. vel 200 søkjarar samanlikna med 2014. Elles er søkjartala mellom dei ulike yrkesfaglege programma svært stabile i perioden 2011-2015. Nedanfor følgjer tabellar over søkjarar til Vg1 og Vg2.

Søkjartal til Vg1

Utdanningsprogram	Plassar 2015	Søkjarar 2015	Søkjarar 2014	Auke/Nedgang
Bygg og anleggsteknikk.	379	455	385	+70
Design og handverk	202	193	212	-19
Elektrofag	567	760	757	+3
Helse og oppvekstfag	742	886	865	+21
Idrettsfag	258	363	318	+45
Musikk/Dans/Drama	156	207	208	-1
Media og kommunikasjon	205	257	232	+25
Naturbruk	214	283	265	+18
Restaurant og matfag	171	202	203	-1
Service og samferdsel	240	296	321	-25
Studiespesialisering med fommj.	125	71	88	-17
Studiespesialisering	2449	2845	2863	-18
Teknikk og industriell produksjon	880	815	1057	-242
Totalt	6588	7633	7774	-141

Søkjartal til Vg2

Utdanningsprogram	Plassar 2015	Søkjarar 2015	Søkjarar 2014	Auke/Nedgang
Bygg og anleggstekn.	292	322	358	+36
Design og handverk	142	128	127	+01
Elektrofag	436	580	485	+95
Helse og oppvekstfag	727	791	776	+15
Idrettsfag	234	191	187	+04
Musikk/Dans/Drama	156	125	144	+19
Media og kommunikasjon	190	158	208	+50
Naturbruk	214	144	154	+10
Restaurant og matfag	139	115	143	+28
Service og samferdsel	292	402	366	+36
Studiespesialisering m/fommj.	110	78	76	+02
Studiespesialisering	2494	2471	2478	+07
Teknikk og industriell prod.	780	822	900	+78
Totalt	6206	6327	6402	+75

